



Janne i arbeid i Gamleskulen

Det er mange eldsjelar i bygda og Jan Erik Olsson er utan tvil ein av dei. I Kvinnheringen i dag uttalar Annlaug Isdal dette i spalten DAGENS ROS om skåningen som kom til Uskedalen og vart her - til glede for mange:

' Han har gjort ein utruleg flott innsats for Uskedalen, ikkje minst i samband med arbeidet med å setja istand Gamleskulen. Skulen er blitt eit populært lokale å leiga, og rommar

dessutan den trivelege tysdagskafeen.
Janne stiller villig på dugnad og har gjort mykje godt arbeid for bygda og skulen. Han fortentar stor ros.'

Foto: Ola Matti Mathisen